


3.16 Supphelledalen

Topografi og landskapsformer

Figur 3.16.1 er eit topografisk kart over indre del av Supphelledalen og Supphellebreen/Flatbreen.




Figur 3.16.1 Topografisk kart over indre del av Supphelledalen og Supphellebreen/Flatbreen. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no

Dalbotnen i øvre del av Supphelledalen er relativt flat, men frå Fjellstølen byrjar dalen å stige oppover og vidare forbi Mikjelsstølen. Dalsidene i denne delen av Supphelledalen er bratte og dalen er omkransa av høge fjell, som t.d. Tyskarnipa (1375 moh.), Kvannholtnipa (1592 moh.), Vetla Supphellenipa (840 moh.), Myrhaugsnipa (1443 moh.), Daurmålseggi (1417 moh.) og Heimsta Ryssenipa (1375 moh.).

Lausmassekart og jordartfordeling


Figur 3.16.2 syner eit lausmassekart over øvre del av Supphelledalen. Morenemateriale dominerer i Tverrdalen, eit område i Flatbredalen og mellom Supphellebreen og Fjellstølen. I breforlandet til Supphellebreen er det sju markerte moreneryggar frå ‘den vesle istida’. Dalbotnen i Supphelledalen, frå Supphella til Fjellstølen, er dominert av breelvmateriale.

Nedre del av Tverrdalen er dominert av ei stor flaumskredvifte og langs begge dalsidene i Tverrdalen, langs den sørlege dalsida i Supphelledalen, samt i nokre mindre område nord for begge Fjellstølane, er det samanhengande område med skredmateriale.



Figur 3.16.2 Lausmassekart over øvre del av Supphelledalen.

Figur 3.16.3 syner eit LiDAR-kart over breforlandet til Supphellebreen, der moreneryggane frå ‘den vesle istida’ kjem tydeleg fram. Alderen på moreneryggane er indikert.



Figur 3.16.3 LiDAR-kart over breforlandet til Supphellebreen. LiDAR: hoydedata.no.

Jøkulhlaupet frå Flatbreen 11. mai 2004

I byrjinga av mai 2004 utvikla det seg ei oppdemming og ein liten sjø av smeltevatn mellom vestsida av nedre del av Supphellebreen, kalla Flatbreen, og ein om lag 650 lang og mellom 25 og 50 m høg morenerygg, kalla ‘1930-morena’. Den nedre, regenererte delen av Supphellebreen, hadde i følgje frontmålingar starta opp i 1899 eit bremaksimum i 1929 (nve.no), og mindre maksima i 1912, 1979 og 1996. Den 11. mai byrja vatnet å renne over eit lågt punkt på moreneryggen, og den påfølgjande erosjonen vart til eit jøkulhlaup, det såkalla ‘Supphelleskredet’ (fig. 3.16.4, 3.16.5 og 3.16.6). Eit 35 m breitt og 15 m djupt skar vart raskt greve ut i moreneryggen. Jøkulhlaupet skjedde etter dagar med høg temperatur og stor snøsmelting. Vanlegvis vert det danna smeltevass-kanalar under Flatbreen slik at smeltevatnet renn ned elva mot den regenererte delen av Supphellebreen lenger inne i Supphelledalen. Meir enn 50.000 kubikkmeter med vatn braut seg gjennom moreneryggen framfor Flatbreen i

om lag 1000 meters høgde. Vatnet fløynde nedover Tverrdalen, ein nordleg sidedal til Supphelledalen (fig. 3.16.7). Store mengder lausmateriale vart erodert av elva og store steinblokker og anna grovt materiale vart avsett i ei 75.000 kvadratmeter stor vifte nedst i dalsida. Dei meir finkorna lausmassane vart avsette utover dei flate markene i Supphelledalen (fig. 3.16.8). Verst gjekk det utover garden Øy gard. I alt vart 250.000 kvadratmeter med dyrka mark overfløymd og dekkja med 125.000 kubikkmeter finkorna lausmassar. Gjørmelaget var nokre stader ute på markene om lag ein halv meter tjukt.



Figur 3.16.4 Flatbreen med den mektige moreneryggen, kalla '1930-morena'. Biletet syner der gjennombrøtet i moreneryggen var under jøkulhlaupet i 2004. Foto: Gaute Dvergsdal Bøyum i 2007.



Figur 3.16.5 Vertikalfoto av gjennombrotet i moreeryggen ('1930-morena') under jøkulhlaupet 11. mai 2004 (norgebilder.no).



Figur 3.16.6 Gjennombrotet i moreneryggen under jøkulhlaupet 11. mai 2004. Foto: Anders Jarle Muldsvor, NVE.



Figur 3.16.7. Biletet syner spor etter jökulhlaupet langs Tverrelva ned til dalbotnen. Garden Øygaard nede til høgre. Foto: Anders Elverhøi, UiO.



Figur 3.16.8 Avsetningar etter jøkulhlaupet nede i dalbotnen. Garden Øygaard øvst midt på bildet, sett nedover Supphelledalen. Foto: Krister Kristensen, NGI.

I munninga av Tverrdalen i Supphelledalen vart fem personar på to gardsbruk isolerte etter at det fredag 11. november 2022 gjekk eit stort flaumskred i samband med mykje nedbør. Om lag 30 meter av vegen vart øydelagt (fig. 3.16.9). På same tid kom det store mengder vatn ned frå den vestlege delen av Flatbreen som førte til flaum og materielle skader i Supphelledalen.

På same dato (11. november) i 1947 skjedde det faktisk òg eit flaumskred frå Tverrdøla.



Figur 3.16.9 I november 2022 gjekk eit stort flaumskred i Tverrdalen i Supphelledalen. Foto: Torje Bjellaas, NRK.

Verdivurdering

Den store og markerte moreneryggen langs vestsida av Flatbreen ('1930-morena') og moreneryggane i breforlandet til Supphellebreen er markerte, lett tilgjengelege og av stor vitenskapleg verdi både nasjonalt og internasjonalt. Ein bør derfor ikkje gjere inngrep i desse. Erosjonsspora og avsetningane etter jøkulhlaupet frå Flatbreen 11. mai 2004 er viktige naturdokument som det ikkje bør gjerast store inngrep i.